



MEDLEMSSKRIV JUNI 2021.

Årsmøte 2020:

Årsmøtet for 2020 vart halde digitalt på Teams, onsdag 26. mai 2021. Det møtte 11 medlemmer. Styret for 2021: Leiar: Noralf Herikstad. Nestleiar: Stian Hognestad. Øvrige styremedl.: Anne Pearl Gravdal, Ernst Herredsvela og Inger Johanne Espeland.

Avløysarkurs:

Det er ei god stund sidan sist kurs vart arrangert, men no satsar me på å få til eit kurs hausten 2021. Informasjon og påmelding kjem i august.

Digitalisering:

Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA vil i løpet av 2021 bli «papirfritt». Fordelen med dette er ei effektivisering av den daglege drifta samstundes som at kontoret er fullt operativt uavhengig av kontorstad. Med bakgrunn i dette ønsker vi at flest mogeleg leverer timelister digitalt eller pr. e-post.

Verneombud:

Alf Helge Søyland, mob. 971 50 629

Landbruksvikar:

Avløysarlaget har 4 fast tilsette landbruksvikarar som gjer ein kjempejobb for bøndene i Bjerkreim og Gjesdal. For bestilling: Mob. 94 08 75 01.

Webtemp – digitale timelister - status:

I juni vart 45% av alle variable timelister levert inn digitalt. Målet for 2021 er å kome opp i ein andel på 75%. Ta kontakt om du og avløysaren er interessert i å prøve dette.

Betaling på forfall:

Det er framleis ein god del av medlemmane som ikkje betalar faktura på forfall. Ei veke etter forfall er framleis kr. 800.000,- uteståande. Minner om at Laget har ein betalingsfrist på 7 dagar på utsendte fakt. Etter det vert du som medlem rentebelasta etter satsar fastsett i «Lov om renter ved forsinket betaling», som for tida er **8%**. Laget har avgrensa likviditet og er avhengig av at betaling skjer på forfall.

Opningstider på kontoret i sommar:

Kontoret er sommarstengt i perioden 09.07.-31.07. Kan i denne perioden treffast på e-post: bjerkreim.gjesdal@n-lt.no eller mob. 94 08 75 01 hvis det er noko som hastar.

GOD SOMMAR!

Helsing

Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA

Samuel Lima Madland (sign.)